



Statens vegvesen

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Behandlande eining: Region vest Sakshandsamar/telefon: Marianne Skulstad / 55516253 Vår referanse: 17/149585-7 Dykkar referanse: 17/2043 – 18/4576 Vår dato: 23.03.2018

Uttale til dispensasjon frå KPA for oppføring av einebustad – gnr. 18 bnr. 12 – Meland kommune

Vi viser til motteke høyringsbrev om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for oppføring av ny einebustad på eigedom gnr. 18 bnr. 12.

Om søknaden

Eigedom gnr. 18 bnr. 12 er registrert til landbruksføremål i kommuneplanens arealdel. Det er eit eksisterande våningshus på eigedomen i dag. Tiltakshavar ønskjer å bygge ny bustad og bruksendre eksisterande bustad til anneks/uthus, slik at det framleis vil vere ei bustadeining på bruket.

Uttale

Statens vegvesen har ingen merknader til at det tillates bygging av ny bustad på eigedom gnr. 18 bnr. 12, med ein bustadeining. Vi legg til grunn at eksisterande bustad ikkje skal nyttast til bustadføremål, næringsverksemd eller tilsvarande, som vi gi auka bruk av avkjørsle til eigedomen eller auka trafikk på fylkesveg 244.

Eigedomen har ein dårleg utforma avkjørsle som kjem skrått på hovudvegen og har dårleg sikt. Vi vil difor oppmode til at avkjørsle vert utbetra.

Vidare sakshandsaming

Statens vegvesen har motteke søknad om dispensasjon frå byggjegrense langs veg for omsøkt tiltak. Før vi kan handsame denne søknaden må saken vere avklara etter plan- og bygningslova. Vidare handsaming etter veglova må difor vente til vi har motteke ein eventuell stadfesting av dispensasjon frå kommuneplanens arealdel.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
TysseLand Arkitektur AS, Valkendorfs-gaten 9, 5012 BERGEN